

Slik vil Venstre arbeide for deg i Selje

I politikken er ofte partia og politikarane si arbeidsform like viktig som standpunkt i enkelt-saker. Dette vil vi skal kjenneteikne Venstre sitt arbeid i perioden 2011-15:

ØPENHEIT: Venstre vil stå for openheit. Alle skal ha tilgang til informasjon som ligg til grunn for politiske vegval. Avgjerder skal ikkje takast i lukka rom der «nokon har snakka saman». Kommunen skal drive eit aktivt informasjonsarbeid. Ordføraren skal jamnleg ha «ope kontor» for innbyggerane både på kommunehuset og rundt i bygdene.

BREI DELTAKING: Venstre vil ha brei deltaking i politiske prosessar. Alle har noko å bidra med! Vi vil ha politikarar i Selje som lyttar på argument for og mot – og lærer av innspel utanfrå og av kvarandre. Politiske saker skal leggst fram på eit enkelt, ubyråkratisk språk. Kommunalt tilsette skal ha ytringsfridom til å fortelje om korleis dei opplever sin arbeidskvardag og korleis dei ser på viktige saker som berører dei.

UAVHENGIG AV SÆRINTERESSER: Venstre vil vere uavhengige av særinteresser – og vil alltid forsøke å legge fellesskapet sitt beste til grunn. Vi er økonomisk uavhengige av fagforeiningar og næringslivsinteresser. Vi vil lytte til alle.

REGIONALT BLIKK: Venstre vil vere opptatt av meir enn Selje. Vi skal stø opp om viktige saker for nabokommunane rundt oss. Vi meiner at vekst i nabokommunane også er bra for Selje. Nabokommunar som slåss mot kvarandre høyrer fortida til.

Venstre sine kandidatar i Selje



1. **Johan Kroken**
Flatraket
fødd 1943



2. **Kariann Myklebust Fagerli**
Barmen
fødd 1977



3. **Ståle Åhjem**
Selje
fødd 1962



4. **Vibeke Kroken**
Flatraket
fødd 1970



5. **Bjørn Jensen**
Selje
fødd 1946



6. **Helle Frogner**
Ervik/Stadlandet
fødd 1974



7. **Håvar Fagerli**
Barmen
fødd 1976



8. **Harald Dammerud**
Stadlandet
fødd 1935

Vekst i Selje – folk først



Selje Venstre
Program 2011-15

venstre

www.selje.venstre.no

Venstre trur på framtida. Vi trur tida no er inne for å skape vekst og auke optimismen i Selje kommune og i Nordfjord som region.

Ei røyst til Venstre i Selje er ei røyst for eit framtidsoptimistisk Seljesamfunn, med ein sterkare og tettare samanknytt region rundt oss. Venstre vil ha lokalsamfunn der folk styrer si eiga framtid og ikkje berre er passive tilskodarar til ei samfunnsutvikling fjernstyrt frå Oslo.

Venstre set folk først!

Selje ynskjer velkomen til framtida

Selje er ei god kommune å bu i. Innbyggartalet har likevel minka siste åra. Venstre vil ha ny vekst i Selje. Då må vi satse sterkare på næringsutvikling med varierte arbeidsplassar, gode skular og barnehagar, attraktive buområde, som gir endå betre lokalsamfunn for unge og gamle å bu i.

Velferd og tryggleik i Selje

Selje vil få nye arbeidsoppgåver i samband med innføringa av helsereformen. Venstre vil at sjukeheimen skal vere eit helsehus som kan gi helse- og omsorgstenester til alle innbyggjarane, frå dei yngste til dei eldste.

Venstre vil bruke midlar for å få lækjarar til å ta imot fast tilsetjing i dei oppretta lækjarstillingane i kommunen.

Venstre vil legge til rette for at eldretuna i kommunen også kan nyttast som senter for dagaktivitetar for alle som vil gjere seg nytte av det.

Kommunen kan f. eks tilby arbeidstrening, fysisk trening, aktivitetstilbod, bygdekafe i nært samarbeid med lag/organisasjonar og andre frivillige krefter.

Venstre vil styrke heimetenestene og innføre vaktmestertene for eldre/funksjonshemma slik at fleire som ynskjer det

kan bu heime lenger.

Venstre vil arbeide for auka stillingsbrøkar for tilsette som i dag arbeider ufrivillig deltid.

Kommunen må tilby lærlingeplassar for å rekrutere fagarbeidarar.

Skular, barnehagar og kultur i Selje

Venstre vil halde fast på 4 skulekrinsar i kommunen.

Prioritere kvalitet i skulen. Ressursane til undervisning må kome fyrst.

Støtte til lærarar som vil satse på vidareutdanning.

Symjeundervisninga må gi moglegheit til å oppnå målet om at alle 10-åringar i Selje skal kunne symje.

Alle barnehagar i kommunen skal vere sommaropne. Sommarstenging kan gjennomførast i dei barnehagane foreldra ber om det.

Satsinga på kulturskulen skal aukast, slik at den blir eit reelt tilbod i heile kommunen.

Auke satsinga på det frivillige kulturarbeidet i regi av lag/organisasjonar og einskildpersonar i kommunen.

Miljø og trivsel i Selje

Det må leggjast til rette for miljøvenlege sanitæranlegg og ordningar for avfall på turistmåla i Selje.

Kloakkanlegg i bygdelag som ikkje har slik ordning i dag må utgreiast.

Kommunen må vere ein pådrivar og støttespelar for å inspirere grunneigarar til å ta opp kampen mot gjenngroing av kulturlandskapet og strandsona.

Dei flotte badestrendene i Selje må gjerast tilgjengeleg for alle, også rørslehemma. Nødvendig areal i tilknytning til strendene må sikrast.

Småbedrifter, samferdsle og utvikling i Selje

Selje skal ha offensiv satsing på næringsutvikling og grunderar i nært samarbeid med nabokommunane. Selje skal framstå som ein attraktiv del av grunder- og teknologiregionen, ved å ha god tilgang på næringsareal og byggeklare tomter i alle delar av kommunen.

Reiseliv og opplevingar er viktig for næringslivet i Selje, og kommunen må vere aktivt med for å vidareutvikle denne næringa.

Den kommunale innkjøpsordninga må endrast slik at kommunen kan gjere seg meir bruk av det lokale næringslivet.

Vedlikehald av kommunale vegar skal vere ei prioritert oppgåve. Prioriterte planar skal gjennomførast.

Oppretthalde ferjeruta til Barmen

Kommunen må arbeide aktivt for å få vegen i Årsheimsstranda med i utbetningsprogrammet.

Moglegheitene for hurtigbåtrute nordover frå Stadlandet skal utgreiast i påvente av vedtak om bygging av Stadt Skipstunnel. Selje skal opplevast som ei «ja-kommune». Alle som vender seg til kommunen skal ha svar innanfor fastsette fristar.

Alle skal bli tatt godt imot og kjenne seg velkomne som innbyggjarar i Selje. Det gjeld både bedrifter og folk. Det skal utarbeidast ein «velkomstpakke».

Selje kommune skal gjennom sine tilsette opplevast som ein løysingsorientert medspelar og rådgjevar for alle innbyggjarane i kommunen.

Samarbeide med bygdelaga om å gjere tome hus og småbruk tilgjengelege for innflyttarar, og sjå positivt på nybygg i tilknytning til gardsbruk.

Vurdere byggefelt i bygder der det er interesse for det.

Nei til eigedomsskatt utan folkerøysting

Selje Venstre vil ikkje støtte innføring av eigedomsskatt utan at det blir halde ei eiga folkerøysting om saka, der evt. innføring av eigedomsskatt er tidsavgrensa og knytt opp mot større investeringsprosjekt som elles ikkje kan realiserast.



venstre